

Korleis kan ein skildre livet til eit anna menneske, verda slik ho ser ut for dette eine mennesket? For Katrine Sele finst det ikkje berre eitt svar på dette spørsmålet. Gjennom dei tjue åra ho har verka som skribent og forfattar, har ho utvikla ein konsistent, eigenarta portrettkunst i skrift. Det liknar eit paradoks at ein som sjølv er så diskre til stades i bøkene ho skriv, samstundes gjev forteljingane eit så personleg avtrykk, men lesaren skjønner raskt at den stillfarande forteljemaaten er sjølve kunststykket.

Språkprisen 2021 går til Katrine Sele (f. 1972) for bøkene *Jølster hotell: historier frå eit asylmottak* (2017) og *Einars bok* (2021). Sele er ein uredd og kjenslevar forteljar. Ho har eit skarpt blick for detaljar, men òg for den høge himmelen over livet til einskildmenneska. Samla viser dei to utgjevingane det store repertoaret Sele har som skribent.

I *Jølster hotell* oppsøker ho flyktingar på det gamle Jølster hotell, som i nokre år vart omgjort til asylmottak. Ho fortel om reisa deira, frå dei forlèt heimlandet til dei finn ein ny, førebels heim i Noreg. Sele har omsorg for dei individuelle erfaringane, dei ulike personlegdomane, men framhevar òg fellesskapet som oppstår på tvers av dei. Med denne boka går ho inn i dei store politiske spørsmåla i vår tid: vald, krig, heimløyse, asylpolitikk. I *Einars bok* handlar det snarare om eitt liv og det hjarteskjerande dramaet i éin familie. Sele skriv direkte og varsamt om ein liten gut som heitte Einar, som vart fire og eit halvt år og éin dag. Like før han fylte to år, vart det klart at han hadde metakromatisk leukodystrofi, ein alvorleg nervesjukdom som gradvis, i mange tilfelle raskt, svekkjer musklane og rørsleevna, lungene og pusteevna, etter kvart òg synet, høyrsele og heile sanseapparatet. Men Einar var òg ein gut som levde eit rikt og travelt småbarnsliv. *Einars bok* er ein biografi i den rette tydinga av ordet: Det dreier seg om eit liv, ikkje ein sjukdom.

Som forteljar tek Sele aldri meir plass enn historia krev av henne. Nennsamt lèt ho særst ulike stemmer kome til orde. Ho gjer lite av seg, samstundes som ho *gjer* mykje: I eit ledig og i beste forstand enkelt språk som vender seg til lesaren, gjev ho oss innblikk ikkje berre i lagnaden til andre, men i tilværet sjølv. Å skrive på denne måten krev grundig førearbeid, stor merksemd og ei sjeldan evne til innleving, til å sjå kven den andre er, lausrive frå eigne fordomar og førestillingar. Det er verdfulle og frigjerande eigenskapar – ikkje minst i ein tidsalder som er dominert av sosiale medium, og som kanskje først og fremst legg til rette for at ein blir forblinda av eigne ønske og behov.

Slik sett kunne ein hevde at det òg ligg ei form for protest eller motstand i den elles så milde skrivemaaten til Sele.